



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, møterom 1
Dato:	23.09.2013
Tid:	13.00 – 15.40

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	
Ingunn Tandberg	Medlem	

Forfall:

Selma Håkonsholm	Medlem	
Frank Lied	Nestleiar	

Varamedlemer som møtte:

Terje Magnus Krogset		

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
-----------------	--------------	--

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	Pr tlf. i sak 23.
---------------	----------------------------	-------------------

Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møte:

Andre som møtte:

--	--	--

Gerhard Furø

Oddbjørg Remøy

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
19/13	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
20/13	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
21/13	MELDINGAR
22/13	GJENNOMGANG AV MØTEBØKER 2013
23/13	REVISJONSSTRATEGI 2013 – FINANSIELL REVISJON
24/13	BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2014
25/13	HABILITET
26/13	MYNDE OG LEGITIMASJON
27/13	TURISTINFORMASJONEN PÅ RUNDE
28/13	SØKJARAR PÅ STILLINGAR

SAK 19/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Det kjem inn ny sak 29 Ymse.
2. Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert vald Oddbjørg Remøy.

SAK 20/13 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet den 10.06.13 vert godkjent.

SAK 21/13 MELDINGAR

Vedlegg:

1. Kommuneloven § 40. De folkevalgtes rettigheter og plikter. Spes. Gyldig forfall.
2. Frå interimsgruppe for revisjonseining Møre og Romsdal, 21.08.13: Invitasjon til revisjonseiningane
3. Frå interimsgruppe for revisjonseining Møre og Romsdal, 31.08.13: Korrigering av notat
4. E-post frå revisjonssjef Bodill Skeide, 04.09.13: Revisjonsordning
5. Melding om vedtak: Skatterekneskapen 2012
6. Rådmannen si tilbakemelding på pkt. 1 og 2 i vedlegget, av 08.07.13

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane 1 - 6 til orientering.

SAK 22/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2013

Flg. møteprotokollar var til gjennomgang:

1.	Kommunestyret	27.06, 29.08
2.	Formannskapet	04.06, 18.06, 02.07, 20.08, 03.09
4.	Maritim og teknisk komite	25.06, 27.08
5.	Administrasjonsutvalet	
6.	Arbeidsmiljøutvalet	03.06
7.	Eldrerådet	03.06, 26.08
8.	Komite for næring kultur og idrett	17.06, 26.08
9.	Komite for Helse og Omsorg	20.06, 22.08
10.	Komite for Oppvekst	05.06, 02.09
11.	Plan og byggenemnd	29.05, 02.09
12.	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10.06
13.	Ungdomsrådet	
14.	Valnemnd	29.08
15.	Valstyret	02.07, 20.08
16.	Herøy Kulturhus	

17. Klagenemnd
19. SSR IKS STYRE | Sendt til
20. SSR IKS RE | leiar

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen endringar til gjennomgådde møtebøker.

I sak 23/13 deltok revisor via høggtalende telefon.

SAK 23/13 REVISJONSSTRATEGI 2013 - FINANSIELL REVISJON

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet i medhald av Kommunelova § 31 nr 3. Jf. Offl. § 24, i samband med at revisor gikk igjennom strategiplanen for finansiell revisjon for 2013.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek til etterretning revisjonsstrategi 2013 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Ingunn Tandberg fekk permisjon.

SAK 24/13 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2014

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minimum kr 30.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjettet for 2014. Leiar og møtegodtgjersle må kome i tillegg.

Ingunn Tandberg kom no tilbake til møtet.

SAK 25/13 HABILITET

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande og meiner at saka var behandla rett i høve til hans habilitet og at ass. rådmann kunne legge til rette grunnlaget for avgjersla i det kommunale organet.
2. Ass rådmann burde ikkje laga tilråding til vedtak i saka.

SAK 26/13 MYNDE OG LEGITIMASJON

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet gjer ordførar og rådmann merksam på ordføraren sitt mynde og legitimasjon slik det kjem fram frå NKRF v/juridisk rådgivar Bernt Frydenberg i e-post av 05.06.2013.
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på dei fullmaktene kommunestyret har gitt til ordføraren.
3. Kontrollutvalet vil understreke at det er viktig for kommunen sin tillit og omdøme at gjeldande regelverk og fullmakter vert følgde.

SAK 27/13 TURISTINFORMASJONEN PÅ RUNDE

Habilitet vedkomande Oddbjørg Remøy var teken opp og ho vart samrøystes kjent inhabil av kontrollutvalet. Dette då son til Remøy søkjer på vegne av grendalaget.

Oddbjørg Remøy gikk frå møtet.

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek den skriftlege orienteringa frå rådmannen vedkomande saksgangen når det gjeld Runde Turistinformasjon til vitande.
2. Kontrollutvalet registrerer at det var gitt munnleg orientering om saksgangen i denne sak. Jf. Forvaltningslova § 11 a.
3. Kontrollutvalet rår til at ein i størst mogleg grad gir foreløpig svar skriftleg. Utvalet elles til forvaltningslova § 11 a når det gjeld kva foreløpig svar skal innehalde.

Oddbjørg Remøy vart henta tilbake til utvalet igjen.

SAK 28/13 SØKJARAR PÅ STILLINGAR

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa/tilbakemelding frå rådmannen med ny praksis frå 01.09.13 til vitande.

SAK 29/13 YMSE

Innkomen e-post frå Fosnavåg Handelsforening av 19.09.13.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmannen om:

- å få reglement for tildeling
- å få opplyst kven har som har fått tilskot siste 5 åra og kva bransje dei høyrer til
- kven som har søkt og fått avslag på søknadane sine
- kven av dei som har fått tilskot siste 5 åra det enno er liv i.

MØTET SLUTT.

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

